

2014 Årsmelding for fysio- og ergoterapitenesta

Overordna mål

God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskel-skjelettlidingar og funksjonshemmingar

Bemanning

Kommunal fysioterapiteneste: 1,8 årsverk som kommunefysioterapeut. (100 % + 80 %). 30% stilling er knytta til Friskliv. 0,5 stilling som ergoterapeut.

Fysioterapi med driftstilskot: 2,08 årsverk fordelt på 3 privatpraktiserande fysioterapeutar. 2 fysioterapeutar leiger lokale av kommunen i underetasjen på Gol Helsetun og er samlokaliserte med kommunal fysio- og ergoterapiteneste. Ein fysioterapeut driv praksis i egne lokale.

Det har i perioden vore arbeid 888 timar meir enn samla driftstilskot. (tilsvarar 50 % stilling)

Aktivitetar

- Behandling av barn. Individuell behandling, stimulering og tilrettelegging. Samarbeid med foreldre, helsestasjon, skule og barnehage
- Behandling for vaksne/eldre pasientar med store og samansette funksjonsvanskar. Trening og behandling blir utført på institusjon og heime. Samarbeid med omsorgsavdelinga og andre aktuelle samarbeidspartnarar
- Behandling og opptrening etter skadar og operasjonar. Behandling av akutte og kroniske muskel- og skjelettlidingar.
- Bustadtilpassing og formidling av tekniske hjelpemiddel (vurdering, søknad, utprøving, tilpassing, oppfølging). Denne tenesta har aukande omfang og krev mykje tid. Raskare utskrivning frå sjukehus fører til større behov for korttidsutlån av hjelpemiddel.
- Tverrfagleg samarbeid rundt personar med varige funksjonshemmingar. Deltaking i ansvarsgrupper. Koordinatoransvar for personar med individuell plan.
- Vedlikeholdstreningsgruppe for personar med varige funksjonshemmingar 1 gong i veka, 4 deltakarar.
- Treningsgruppe for pasientar med hofte- og kne-artrose før og etter operasjon 1 gong i veka, 3-4 deltakarar.
- Friskliv. Ein fysioterapeut deltek aktivt i arbeidet i frisklivsgruppene. Har også vore medansvarlig for strukturkurs og treningsgruppe for personar med overvekt.
- Organisering av bassengtrening på Elverhøy Nesbyen med kvalifisert badevakt og transporttilbod. 35 personar har deltatt. 42 gruppetimar er gjennomført med gjennomsnittleg 10 deltakarar kvar gong.
- Undervisning på svangerskapskurs er ikkje gjennomført på grunn av manglande kapasitet i tenesta.
- Ressursar. Førslått auke med 100 % stilling fysioterapeut er ikkje realisert i 2014. Denne er vedtatt i budsjettet for 2014. Ressursauken skal knyttast opp til etablering av «Kvardagsrehabilitering» i heimetenestene.

- Behov for auka areal til felles lokale til all fysio- og ergoterapiteneste i kommunen er presentert for omsorgsavdelinga og Gol Byggdrift, men er ikkje realisert. Dette vil kreve 2 kontor/ behandlingsrom i tillegg til noverande areal. Samling av tenesta vil føre til eit endå meir aktivt samarbeid mellom fagpersonane og heve kvaliteten på tenesta.

Kompetanseutvikling

Ein privatpraktiserande fysioterapeut har fortsatt vidareutdanning i ultalyddiagnostikk ved muskel-skjelettlidingar. Dette er eit godt verktøy i tillegg til klinisk diagnostisering og vil bidra til heva kvalitet i tenesta.

Kommunale fysioterapeutar og ergoterapeut har deltatt på kurs i hjerterehabilitering, seminar om fysioterapi til kreftpasientar, utdanning i Helsepedagogikk, fagseminar om behandling av Kols og fagsamarbeid med Habiliteringssenteret om tiltak for born med CP.

Statistikk

Kommunal fysio- og ergoterapiteneste, tal på pasientar/brukarar : 212

18 pas har hatt tilbod om trening i gruppe. I alt 78 gruppetreningstimar

Fysioterapi med driftstilskot, tal på pasientar : 545. Pasientar frå andre kommunar ca 25%

Hjelpemiddelformidling: Gol har hatt 450 aktive brukarar av Hjelpemiddelsentralen. 132 brukarar har fått utlevert 598 hjelpemiddel til ein samla verdi av ca 1,6 mill kroner.

Oppnådde mål

- Oppfølging av born 0-6 år med funksjonshemming har vore prioritert. Det er ein auke i talet på born med behov for tett oppfølging av fysioterapeut og dette aukar presset på tenesta.
- Ventetid etter skadar og operasjonar har vore 1-4 dagar. Talet på ortopediske operasjonar aukar stadig og stadig færre pasientar får opptreningsopphald på rehabiliteringsinstitusjon etter sjukehusopphaldet. Mange pasientar treng oppfølging av fysioterapeut i kommunen. Dette gir eit stort press på fysioterapitenesta og fører til lengre ventetid for andre grupper.
- Tilrettelegging av bustad og formidling av tekniske hjelpemiddel har vore gjort utan for lang ventetid. Det er ofte kort frist for tilrettelegging når ved utskriving frå sjukehus. Dette fører til eit stort press på avdelinga.
- Bassenggruppene på Elverhøy har hatt i alt 36 personar som deltakarar. 54 gruppetimar med gjennomsnittleg 10 deltakarar.
- Treningsgruppe med fysioterapeut i svømmehallen har i 2014 har hatt i alt 20 deltakarar, i gjennomsnitt 8 deltakarar pr time.

Ikkje oppnådde mål

- Oppfølging av born 6-16 med funksjonshemming har vore mindre tett enn ønskelig på grunn av begrensa kapasitet i tenesta.

- Ventetid for personar med belastningslidelsar, kroniske sjukdommar og varige funksjonshemmingar har i mange tilfelle vore vesentleg lenger enn det som er målsettinga for tenesta. Ventetida har vore frå 2 veker til 5 månader med noko variasjon i ventetid frå fysioterapeut til fysioterapeut. Dette er svært negativt for pasientane og for kommunen fordi raskare tilgang på behandling hos fysioterapeut ofte fører til kortare sjukemeldingsperiode eller at ein unngår sjukemelding
- Oppfølging av pasientar med samansette rehabiliteringsbehov har ikkje vore tett nok. Dette gjeld både pasientar med korttidsopphald/rehabiliteringsopphald på Gol Helsetun og pasientar med behov for vidare oppfølging etter utskrivning frå sjukehus eller Helsetunet.
- Tilrettelagt fysisk aktivitet i gruppe for personar med kroniske lidelsar har berre vore gjennomført for ei lita gruppe personar.
- Færre pasientar enn planlagt har fått tilbod om fallforebyggande trening. Årsaka til dette er for liten kapasitet i fysioterapitenesta. Prioritering av denne type opplegg vil kunne forebygge fall og brotskadar og spare den enkelte for lidning og kommunen for utgifter til helse- og omsorgstenester.
- Planlagt samarbeid med Friskliv om treningsgruppe for born med overvekt er ikkje prioritert.

Mål og tiltak 2015:

- Fysio- og ergoterapi
 - Alle born med spesielle behov skal få tilfredsstillande oppfølging.
 - Mindre enn 4 dagar venteid på fysioterapi ved akutte tilstandar, etter skadar og operasjonar.
 - Mindre enn 3 veker ventetid ved andre tilstandar.
 - Minst 20 personar skal få tilbod om å delta i fallforebyggande trening kvart år.
 - Personar med kroniske lidningar (td slagpasientar, kols, overvekt, kreftoverlevare) skal få tilbod om tilrettelagt fysisk aktivitet i grupper.
 - Planlegge tiltak for born med overvekt i samarbeid med Helsestasjon og Friskliv.
 - Tilrettelegging i heimen og formidling av hjelpemiddel skal gjennomførast utan lang ventetid.

Utfordringar 2015:

- Innføring av kvardagerehabilitering i samarbeid med heimetenestene. Kompetanseutvikling og planlegging for tverrfagleg samarbeid.
- Aukande behov for kartlegging og tilrettelegging for personar med demens.